

<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi openberrings søndag, 08. januar 2012

Preiketekst: Luk 2:40-52

Lesetekst I: Jesaja 49, 1-7

Lesetekst II: Rom 15, 4-6

Inkarnasjonen stansar ikkje i stallen

Til dagen:

Kristi openberringsdag er den gamle juledagen, enno feira i Austkyrkja. Hå oss er dette mykje godt "dagen derpå". Både fødselsfest (jul) og namnefest (nyttår) ligg bak, og folk flest finn so smått kvardagsrytmen. Trettande dag jul (6. januar) blir i Kyrkja feira på næraste søndag. For mange er trettandedagen slutten på jula. Dette bør predikanten vera obs på, men sovisst ikkje gje frå seg frimodet til å løfta opp og fram dagen og budskapet. Om mange er "mette", finst enno dei som spør etter meir: Kven er Han som vart fødd i Betlehem? Søndagsteksten skal prøva gje svar på dette spørsmålet, ja, kanskje skapa nye spørsmål og ny Jesus-fagnad! Slik sett tek Openberringsdagen og –tida opp refrenget frå englesongen over Betlehem.

Me møter "guten som voks og vart sterk" (v 40), fødd i kjøt av Maria møy. Me blir konfronterte med Israels Messias, trygt plassert i Israels hjarte, tempelet. Dagen og Ordet openberrar nasarearen Jesus, som også er Messias Herren, tolv år gamal og samstundes "fødd av Faderen før alle tider".

Så alle predikantar lyt gleda seg over høve til å bringa ut vitnemål om denne Gud og Herre, til "glede for Gud og menneske"!

Til teksten:

Me er enno i julekapittelet hjå Lukas. Dei første 20 versa høyrer vel framleis til barnelærdommen i folket vårt. Og omskjæring, frambering og møtet med den gamle Simeon, er heller ikkje ukjent stoff. Tempelkjendisane Simeon og Anna høyrer med som god bakgrunn for vårt avsnitt; dei representerer Israel og Sion på ein god måte, og kastar kvar på sin måte glans over Han som er "eit lys til openbering for heidningane og til ære for folket ditt, Israel" (v 32).

”Og guten voks og vart sterk”, fortel evangelisten. Dette blir vår oppgåve å formidla: Jesus er ikkje i krubba. Han er ikkje berre Gud i dokkekostyme. Fødd som menneske, oppvaksen som menneske. I dette ligg Guds-openberringa også. Inkarnasjonen stansar ikkje i stallen! Gud var ein sunn, sterk ungdom, som både i sin menneskelegdom og sin nærverande guddom var Immanuel (Gud med oss).

Han vart av gode foreldre teken med inn i from jødedom. Der høyrde han heime, i denne samanhengen skulle det openberrast at ”Guds nåde var over han” (v 40). Kwart år til tempelet, slik skikken var, sjå 2 Mos 12,24. Ja, også då han var 12-åring, ”drog dei han som vanleg dit opp” – nei, det står ikkje slik! Dei drog dit opp med han som no var myndig jødisk ungdom. Og der gav han seg til! Jesus må forståast og forkynnast ut frå den jødiske samanhengen. For den som vil gå djupare inn i dette, finst mykje å ausa av, både i Skrifta og i litteraturen.

”Og foreldra la ikkje merke til det”(v 43). Det er som om døyparen Johannes sitt utrop alt no kan høyrast: ”Midt imellom dykk står ein som de ikkje kjenner” (Joh 1,26). Ikkje eingong Jesu næraste såg alt. Både i stallen og i tempelet ”gøymde (mor hans) alt dette i hjartet sitt”. Openberringa måtte også bli Maria til del! ”Dei tenkte han var med i følgjet”, men Israels Gud hadde noko i vente for dei. Og det kom ikkje av seg sjølv: ”Først etter tre dagar fann dei han i tempelet”. Ikkje rart dei vart redde, ikkje rart dei undra seg, ikkje rart dei vart glade!

”Der sat han midt blant lærarane og lydde på dei og stilte spørsmål”. Tolv år og dei gamle sin likemann. Berre ein gut, og likevel inne i Skriftene, slik at folk då og no lurar på kven som underviste kven! Ettetanken for predikant og forsamling ligg i dette: For å læra Jesus Messias å kjenna, lyt me inn i Skrifta! Lytta og spørja, som Herren sjølv synte veg i tempelet.

Denne dagen hadde Jerusalem ”si gjestingstid”. Det same galdt tempelet og alle dei som var der, både ”inventar” og faste gjester.

Dei undra seg over klokskapen hans og dei vituge spørsmåla frå hans munn. Men dei forstod ikkje oppsummeringa av tempelundervisninga: ”Visste de ikkje at eg må vera i huset åt Far min?”

Jesus frå Nasaret, gut og Gud. Vel son til Josef (Luk 4,22), men også med ein ”herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning” (Joh 1,14).

Til preika:

Predikanten kan la dagen gje innsteg til teksta; Kristi openberringsdag er ikkje noko fiffig namn som tirror interessa. Då kan me nytta sjansen til nettopp å la ”trettande dagen” få kasta tydeleg ljøs på Han som er Ljoset og som stig fram for oss som det i Openberringsordet. Me kan la tempelet, Guds hus, vera råma for Kristus-biletet me teiknar, og gjerne trekkja liner vidare inn i mot Kyrkja, vårt gudshus. (*Her er Guds hus og himlens port*, NoS 573).

Sjølvsagt kan også Maria vera vår vegvisar, so me gøymer Ordet og grunnar på Openberringa. Det skjedde og skjer ved ut- og inngang i Guds hus, til eiga signing, men sanneleg også til misjon. For openberringstida er misjonstid! Misjon er å vinna sjeler for himmelen, å kalla menneske til Guds hus, men det skjer ved å bringa Guds hus ut: Jesus

Messias frå tempelet søker menneske, så huset kan bli fullt. Han treng det store følget frå og til Gud hus, som kan utfordra folk til å bli med. ”Kvifor leita – eg er jo her!”

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster,

mangeårig medlem og leiar av krinsstyret for Israelsmisjonen i Sogn og Fjordane

gepauls2@online.no